




FØRESEGNER REGULERINGSPLAN RØD

NAUSTOMRÅDE

PLANID 20200004
SAKSNR.: 2020/1493
Runar Myklebust



1. Generelt

1.1. Planen omfattar plankart, reguleringsføresegner og planomtale. Det regulerte området er vist med stipla linje som reguleringsgrense på kart i målestokk 1:1000 A3 datert: -XXXX

1.2. Arealet innafor reguleringsplanen skal nyttast til følgande føremål

Bygg og anlegg	PBL 2008 § 12-5 nr.1
Fritidsbusetnad	0,7 daa
Småbåtanlegg i sjø og vassdrag	0,2 daa
Naust	0,2 daa
Samferdsle og teknisk infrastruktur	PBL 2008 §12-5 nr. 2
Veg	1,0 daa
Anna veggrunn – grøntareal	0,3 daa
Parkering	0,3 daa
Grøntstruktur	PBL 2008 § 12-5 nr 3
Naturområde	2,4 daa
LNF	PBL 2008 § 12-5 nr. 5
Jordbruk	2,0 daa
Bruk og vern av sjø og vassdrag	PBL 2008 § 12-5 nr. 6
Bruk og vern av sjø og vassdrag	4,3 daa
Badeområde	1,2 daa
Omsynsoner	PBL 2008 § 12-6
Frisiktsone veg	

2. Fellesføresegner

2.1. Grad av utnytting er vist som %-BYA

2.2. Utbyggingsområde skal opparbeidast og få ei tiltalande utforming

2.3. Dersom det blir oppdaga automatisk freda kulturminner i samband med tiltak, graving eller liknande, skal ein stoppa arbeidet umiddelbart og varsle fylkeskonservator jf. Lov om kulturminne § 8 andre ledd.

2.4. Bygg skal ha god arkitektonisk utforming med omsyn til materialval, terrengtilpassing og tilpassing til nabobygg

2.5. Fritidsbustadar kan ikkje takast i bruk før teknisk anlegg med veg, vatn energi og avlaup er ferdig utbygd.

2.6. Det er rekkefølgjekrav om godkjent VA-plan før planen kan godkjennast.

- 2.7. Byggjegrense mot sjø er syna som stipla linje i plankart. Der byggjegrense ikkje er synleg i plankartet er den samanfallande med føremålsgrænse.
- 2.8. Det er rekkefølgekrav om at tilstrekkeleg sløkkjevattn skal vere tilgjengeleg før naust og fritidsbustadar kan takast i bruk.
- 2.9. Det er rekkefølgekrav om at avkjørsle til FV 500 skal vere ferdig opparbeida med frisktone og tilfredstillande geometri før fritidsbustadar kan takast i bruk.

3. Bygg og anlegg

3.1. Fritidsbustad

- 3.1.1. I føremål fritidsbustad er det utnyttingsgrad maks 30% BYA. **Maks BYA er 100 m² og maks BRA er 150 m² per bygning.**
- 3.1.2. I føremål fritidsbustad er det høve til å føra opp 2 fritidsbustadar.
- 3.1.3. Det er krav om to parkeringsplassar per fritidsbustad.
- 3.1.4. Fritidsbustadar skal ha maks mønehøgde 6 m over gjennomsnitt ferdig planert terreng.
- 3.1.5. Fritidsbustadar skal ha maks gesimshøgde 3 m over gjennomsnitt ferdig planert terreng.
- 3.1.6. Fritidsbustadar skal ha universelt tilgjengeleg tilkomst frå minst ein parkeringsplass
- 3.1.7. Fritidsbustadane skal ha universell utforming med tanke på tilgang og funksjonar.

3.2. Naust

- 3.2.1. I føremål naust kan det førast opp inntil 3 naust
- 3.2.2. Naust skal ha maks grunnflate 40 m².
- 3.2.3. Naust skal ha maks mønehøgde 5 m over lågaste punkt i terreng rundt
- 3.2.4. Naust skal ha saltak med takvinkel mellom 27 og 45 grader
- 3.2.5. Naust skal ikkje innredast til overnatting
- 3.2.6. Det skal vere fri tilkomst i minst 1 m på alle sider rundt nausttrekkja.
- 3.2.7. Naust skal leggjast mellom kote +1 og kote +2
- 3.2.8. Det skal vere universell tilkomst til alle nausta frå ein parkeringsplass.

3.3. Småbåtanlegg i sjø og vassdrag

- 3.3.1. I føremål småbåtanlegg i sjø og vassdrag kan det førast opp ei bryggje i 4 m breidde og 20 m lengde
- 3.3.2. Bryggja skal konstruerast i tre og fundamentast gjennom trepelar.
- 3.3.3. Bryggja skal ha ei utforming som harmonerar med stadleg byggeskikk for bryggjer.
- 3.3.4. Bryggja skal konstruerast slik at dyr som forvillar seg under den kan kome seg ut ved høgvatn.

4. Samferdsle og teknisk infrastruktur

4.1. Veg

- 4.1.1. Veg SV_1 er felles veg for alle fritidsbustadar og naust i plan området, Bøkkerverkstaden og naust på 121/4 og 121/12
- 4.1.2. Veg SV_1 skal ha ei minste breidde på 3 m.

5. Grøntstruktur

5.1. Naturområde

- 5.1.1. I føremål naturområde er det ikkje høve til å gjennomføre tiltak etter PBL § 1-6
- 5.1.2. I føremål naturområde er det ikkje høve til å gjennomføre tiltak som hindrar ålmenta sin tilkomst til området eller strandsona.

6. LNF

6.1. Landbruk

- 6.1.1. I føremål landbruk kan det ikkje gjennomførast tiltak som hindrar drifta av arealet som landbruksareal

7. Bruk og vern av sjø og vassdrag

7.1. Bruk og vern av vassdrag med tilhøyrande strandsoner

- 7.1.1. I føremål bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsoner skal det ikkje gjennomførast tiltak som hindrar fri bruk av sjø og strandsona.

7.2. Badeområde

- 7.2.1. I føremål badeområde skal det ikkje gjennomførast tiltak som hindrar tilkomst for ålmenta til strandsona, eller ålmenta sin tilgang til å bade
- 7.2.2. I føremål badeområde skal det ikkje foregå båttrafikk som er til fare for badande

8. Omsynsoner

8.1. Frisiktsone veg

- 8.1.1. I frisiktsone veg skal det i 0,5 m høgde over FV500 vere fri sikt.